

Fartein Valen sitt landskap

Komponisten Fartein Valen (1887-1952) budde i Valevåg store delar av livet. Han var svært knytt til heimbyda og landskapet der, og det har sett sitt preg på komposisjonane hans. I "Fartein Valen sitt landskap" kan du gå i fotspora til komponisten og bli kjend med det landskapet han levde og virka i.



FarteinValen

NORWEGIAN
COMPOSER AND
INNOVATOR



Sveio kommune

Valenheimen (1)

Foreldra til Fartein Valen, Arne og Dorthea, bygde huset i Valevåg i 1903. Komponisten sjølv budde der i to periodar, 1915-23 og 1938-52. I dag inneheld huset ein museumsdel og ein bustaddel. Huset blir brukt til konsertar og føredrag. Omvisning etter avtale på tlf. 53 74 80 00. www.farteinvalen.no.

Valen kapell (2)

Valen har truleg vore kyrkjestad frå før svartedauden. Det noverande kapellet frå 1707 erstatta ei gammal stavkyrkje som sto på staden. Fartein Valen ligg gravlagt i det nordvestre hjørnet av gravplassen ved kapellet, saman med foreldra. Minnesteinen over han er reist av Den norske komponistforening. Bilethoggaren Ottar Espeland har laga relieffet.

Einstadbøvoll gard (3)

Gamalt tun med flotte steingardar og 17 hus som alle har helletak. Tunet blei freda i 1923. Privat eige, omvisning etter avtale på tlf. 53 74 22 34.

Leirvåg friluftsområde (4)

Leirvåg er eitt av dei regionale friluftsområda til Friluftsrådet Vest. Her ligg ein gamal kolerakyrkjegard, sjå (7). Badeplass og toalett, tilkomst med båt eller til fots. Stien startar ved Nappabrua, der det er startpunkttafle med informasjon. Turen tek ca 20 min. ein veg.

”Kirkegården ved havet” (4)

Kolerakyrkjegarden i Leirvåg er best kjend som ”Kirkegården ved havet”, fordi staden gav inspirasjon til ein av dei mest kjende komposisjonane til Fartein Valen.

Kyrkjegarden blei bygt i samband med koleraepidemiene på 1800-talet, då dei som døydde av kolera måtte gravleggjast langt frå folk på grunn av frykt for smitte. I dag er det nesten berre i Sunnhordland ein finn slike kyrkjegardar, og kolerakyrkjegarden i Leirvåg er ein av to i Sveio. Han er restaurert i 2014, og stien ut er tilrettelagt med klopper og skilting.


Valestrand kulturkyrkje (5)

Valestrand kulturkyrkje ligg på Ulveraker, like ved E39. Kyrkja er teikna av arkitekt O. Wangberg, og er ei tradisjonell trekyrkje bygt i 1872. Sidan 2004 har ho hatt status som kulturkyrkje. Kyrkja blir brukt til både ordinære gudstenester og kulturarrangement som konsertar, foredrag, utstillingar og konferansar. I juli er kyrkja open for besøk tirsdagar, onsdagar og torsdagar kl 14-17. www.kulturkyrkja.no.

Kongevegen (6)

I 1636 sende kong Christian IV bod om utviding av dei gamle ridevegane i Noreg. Desse vegane blei kalla kongeveggar. I Valestrand gjekk vegen frå Eidsvåg til Liereid, og kan m.a. følgjast frå Valevåg Camping til Ulveraker Vegen var i bruk som byggveg, kyrkjeveg og ei tid som postveg fram til vegen frå Haugesund var ferdig i 1874. Sommaren 2013 blei det funne spor av ein mykje eldre veg på Haugsgjerd. Desse tyda på at Kongevegen han ha røter så langt tilbake som til jernalderen.

Turløyper



Trollavassnipen (7)

Høgaste toppen i Sveio - 423 m.o.h. 1-2 timar å gå til toppen, til dels brøtt løype. Flott utsikt i alle himmellretningar. På fine dagar kan du sjå til områda kring både Bergen og Stavanger.

Start frå ungdomshuset ”Kleivo” i svingen nord for skulen. Du kan òg gå frå Holsvika friområde, eller starta ved Haugsgjerdelva.

Målefjellet (8)

Rundtur. Turen tek ca 2 t. Følgjer traktorveg opp Kvednhuskleivo til Ulshaugane, derfrå sti til toppen av Målefjellet. Ned igjen på andre sida, forbi garden Tråvås. Ved stien nedanfor toppen står ein lavvo til fri bruk for turgåarar.

Leirvåg(9)

Parkering ved Nappabrua. Merka løype, ca 20 min. Lett tur på sti med klopper. Småkupert.

Valestrand Folkesti (10)

2,7 km lang rundløype som startar ved Valestrand idrettsbane (parkering) og går langs den gamle riksvegen og kongevegen. Merka kvar halve km. Deler av ruta er eigna både for barnevoign og rullestol. Noko av løypa følgjer den gamle kongevegen mellom Valen og Ulveraker. Nokre våte parti.

Overnatting og mat:

Valevåg Camping og hyttetun/kafe (11) tlf. 53 74 22 50/90 22 02 69

Valevaag bruk (12), tlf. 53 74 23 90

Økland gard og hytteutleige (13), tlf. 53 74 24 23

Valevåg landhandel (14)



Sveio kommune

2016

Postboks 40 • 5559 Sveio • postmottak@sveio.kommune.no • T: 53 74 80 00 • F: 53 74 80 01 • sveio.kommune.no